

## **Prosjektomtale**

### **Agatunet – teikna av Georg Fredrik Fasting**

Bergensarkitekten Georg Fredrik Fasting (1903-1987) har etterleite seg ein verdfull skatt i Agatunet, ei stor mengde detaljerte teikningar av tunet slik det var då han budde der under andre verdskrigen. No ønskjer museet å få laga ei bok som viser tunet i Fasting sin strek. Journalist og forfattar Eva Røyrane vil skriva teksten om arkitekten som la sin elsk på dette tunet og om det bygningsmiljøet han blei så begeistra for.

Georg Fredrik Fasting hadde eit lengre opphold i Agatunet under krigen og leigde sommarhus i tunet til ut på 1980-talet. Han hadde arkitektkontor i Bergen frå 1936-1950 og var seinare fylkesarkitekt i Nord Trøndelag og i Hordaland. Han er mest kjend for å ha teikna dei rauda telefonkiosken.

Arkitekten dokumenterte bygningane i tunet slik han såg dei i 1940-åra. Han laga fasadeteikningar av meir enn 30 hus, snitt- og planteikningar, alle svært detaljerte og stappfulle av informasjon om dei ulike bygningane. I tillegg teikna han dører, vindauge og andre enkellement, også desse ned til den minste detalj. Dei eldste husa han teikna, er frå 1200-talet, dei yngste frå ca 1900. Han teikna stover, løer, stabbur, skytjer, eldhus, utedo og møkaskutar. Teikningane viser ein svært stor variasjon, her er røykstover og lemstover og hus i ulike bygningsteknikkar, i reisverk, grindverk og laft. Og alle dei ulike helleleggingsteknikkane er dokumenterte saman med torvtak og pannetak.

Dette teikningsarkivet er unikt, truleg det einaste i sitt slag som gir ein så grundig dokumentasjon av eit komplett freda klyngjetun. I tillegg til alle teikningane i svart/kvitt, måla Fasting ei rekke akvarellar av utvalde bygningsmiljø i tunet. Boka vil presentera akvarellane, utvalde svart/kvitt-teikningar saman med nye foto som viser tunet slik det er i dag.

Denne boka vil løfta fram dei kulturverdiane som ligg i Agatunet og på den måten spreia kunnskap om og begeistring for det spesielle bygningsmiljøet blant folk flest.

Forlaget Skald på Leikanger vil gje ut boka.

Arbeidet vil ta til 1. november 2015, planen er at boka skal koma ut i juni 2016.

Eva Røyrane har tidlegare skrive bøkene "Ei reise i Hardanger" og "Fabrikkbyane i Hardanger – husa i industrilandskapet". I 2014 gav ho ut "Noregs låver" saman med fotograf Oddleiv Apneseth.

Vi søker fleire stader om støtte til bokarbeidet. Frå Hordaland fylkeskommune sine løyvingar til Ålmenne kulturføremål ber vi om kr 30 000.

Budsjett

Utgifter fram til trykking

Løn til forfattar 3 månadsverk X kr 60 000	kr 180 000
Løn til fotograf	kr 50 000
Fotografering av arkitektteikningar	kr 50 000
Reiser og diverse	kr 20 000
Til saman	kr 300 000

Inntekter

Omsøkt tilskot frå Hordaland fylkeskommune	kr 30 000
Tilskot frå andre	kr 270 000
Til saman	kr 300 000

Stiftelsen Agatunet og Hardanger og Voss og museum vil gjera eigeninnsats i form av konsulenttenester ved Guttorm Rogdaberg og Anne Lise Brask Eriksen.

Utne 30.09. 2015

(sign)

Randi Bårtvedt

Agnete Sivertsen

*Direktør Hardanger og Voss museum*

*Styrar Hardanger folkemuseum og*

*Agatunet*